

## Sakspapir

Saksnr	Utval	Møtedato
140/2014	Formannskapet	02.12.2014
075/2014	Kommunestyret	11.12.2014

Sakshandsamar	Arkiv	Arkivsaksnr.
Anne Kristin Rafoss	FA - D23, HistSak - 06/985	14/1155

### Sluttrapport for Matre symjehall

Sluttrapport i samband med investeringsprosjekt Matre symjehall vert teken til vitring.

Udekka del av investeringsprosjektet med kr 384.699,31 vert finansiering med kapitalfondet (balansepost 2.5300.000)

#### Formannskapet - 140/2014

##### FS - behandling:

Ordfører Karstein Totland orienterte kort.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

##### FS - vedtak:

Sluttrapport i samband med investeringsprosjekt Matre symjehall vert teken til vitring.

Udekka del av investeringsprosjektet med kr 384.699,31 vert finansiering med kapitalfondet (balansepost 2.5300.000)

#### Kommunestyret - 075/2014

##### KS - behandling:

Ordfører Karstein Totland gjekk gjennom saka.

##### Røysting:

Kommunestyret vedtok samrøystes tilrådinga frå formannskapet.

### **KS - vedtak:**

**Sluttrapport i samband med investeringsprosjekt Matre symjehall vert teken til vitring.**

**Udekka del av investeringsprosjektet med kr 384.699,31 vert finansiering med kapitalfondet (balansepost 2.5300.000)**

### **Vedlegg**

Sluttrapport symjebasseng

Revisjonsrapport 27 10 14

### **Underliggende saker:**

#### **Bakgrunn**

Det var behov for å rehabilitere / fornye teknisk anlegg knytt til Matre symjebasseng. Arbeidet starta opp sommar / haust 2011 og fekk ferdigattest i mars 2012. Rådmannen har no utarbeidd sluttrapport for investeringsprosjekt Matre symjehall og lagt han fram for revisjon og kontrollutvalet.

#### **Uttale**

Uttale frå revisjon 27.10.2014:

Vi har revidert prosjektrekneskapen for Matre symjebasseng og har ingen vesentlege merknader til sluttrekneskapen.

Frå møteutskrift for kontrollutvalet 03.11.2014:

27/14 Byggerekneskap Matre Symjebasseng

Sakstilfang:

- Byggerekneskap for Matre Symjebasseng
- Revisors melding til prosjektrekneskapet 27.10.14
- Notat frå revisor 27.10.14 – «Prosjektrekneskap Matre Symjebasseng»

I sluttrapporten er der vist til kommunestyret sitt vedtak om å løyve 7,8 mill kr (inkl mva) 09.12.10 i sak 093/10. I det totale budsjettet er der operert med ei ramme på 9,9 mill kr inkl mva. I rapporten frå administrasjonen kjem det ikkje fram korleis denne auken på 2,1 mill kr har skjedd.

Den totale kostnaden med prosjektet er 10,3 mill kr. Det gir eit overforbruk på 0,4 mill kr.

I eit notat frå revisjon 27.10.14 om prosjektrekneskapen for Matre Symjebasseng er der vist til budsjettrevisjon av årsbudsjettet 2012 – sak 060/12. Det går ikkje heilt klart fram av det vedtaket som kommunestyret her har gjort er ei tilleggsøyving på 2,1 mill kr eller om det er flytting av midlar frå førre år. Rådmannen opplyste i møte at dette var ei tilleggsøyving og at dette var den vanlege måten å gjere det på.

I sak 06012 står det følgjande:

«Pr 1.juni 2012 er totalkostnaden kome i ca kr 9,2 mill kr. Det vil seia ei overskriding på kr 1 400' i forhold til opphavelig budsjettildeling.»

Prosjektet hadde difor ei overskriding før kommunesturet løyvde 2,1 mill kr ekstra. Saka om tilleggsøyving burde kommunestyret fått så snart ein var klar over at prosjektet ikkje kunne realiserast innafor budsjettramma på 7,8 mill kr.

Prosjektet har ei udekkta finansiering på kr 384.669. Det er i tabellen til rapporten nytte eit anna beløp, men det er tekstdelen som er riktig. Det går også fram av Note 10 i rekneskapen for 2013.

Tiltaket fikk ferdiggodkjenning 29.03.12

Kontrollutvalet har merka seg følgjande:

- Dette var eit vanskeleg prosjekt
- Kommunestyret burde fått sak om ekstra løyving på eit tidlegare tidspunkt
- Byggerekneskapen kunne vore klart på eit tidlegare tidspunkt, tiltaket var ferdiggodkjent 29.03.12. Rapporten kunne vore tydlegare med omsyn til kva vedtak i kommunestyret som ligg til grunn for den totale løyvinga.
- Det bør sjåast på korleis kommunestyret vedtek tilleggsøyvingar til investeringsprosjekt. Kontrollutvalet meiner det bør vurderast at slike tilleggsøyvingar til investeringsprosjekt vert vedteke i eiga sak i kommunestyret.

#### Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek prosjektrekneskapen for Matre Symjebasseng til etterretning. Prosjektet har eit overforbruk på kr 433 471,-.

Rapporten med kontrollutvalet sin uttale bør leggest fram for kommunestyret. Kommunestyret må gjere vedtak om korleis manglande inndecking på kr 384,699 skal finansierast.

#### **Vurdering**

Rådmannen har merka seg tilrådinga frå revisor og kontrollutvalet om at endring i ramme for eit investeringsprosjekt bør vedtakast gjennom eiga sak og tar tilrådinga til etterretning.

#### **Konklusjon**

Rådmannen rår til at sluttrapporten for investeringsprosjekt Matre symjehall vert tatt til vitring.